



/// Planstrategi 2021-2024

Prioriterte planar 2021-2024

	2021	2022	2023	2024
Overordna planar og strategiar				
Arealplan for 2022-2032		■	■	
Hovudplan for vatn og avlaup		■	■	
Kommunal transportplan m/trafikktryggleiksplan		■	■	
Handlingsplan mot sosial ulikskap		■	■	
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2024-2027			■	■
Samfunnsplan for 2025-2035				■
Planstrategi for 2025-2028				■
Områdeplanar				
Områdeplan for Hodlekve	■	■	■	
Områdeplan for Fjøra/Nestangen		■	■	
Områdeplan for Hermansverk		■	■	
Områdeplan for Øyane/Granden			■	■
Områdeplan for Kaupanger			■	■
Områdeplan for Fjærland				■
Områdeplan for Balestrand				■
Detaljplanar				
Detaljplan for Hittun bustadområde	■	■		
Detaljplan for Strandavegen	■	■		
Detaljplan for Saurdal hytteområde	■	■	■	
Detaljplan for Kvåle skule og fleirbruks- og basishall			■	■
Detaljplan for Henjabakkane			■	■

Arealplanen vil konkretisere føringane frå samfunnsplanen for dei ulike delane av kommunen, og vil gje eit juridisk bindande rammeverk for planar og tiltak etter plan- og bygningslova.

Hovudplan for vatn og avlaup skal vere grunnlag for oppgradering og vedlikehald av vassforsyning og avlaupsanlegg.

Kommunal transportplan (KTP) skal vere eit styringsdokument for samferdsle- og transportarbeidet i Sogndal kommune. Planen skal omfatte trafikktryggleik, opprusting og vedlikehald av kommunale vegar og prioriterte innspel til RTP og NTP.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit viktig styringsdokument for tildeling av midlar til frivilligheita, og er også eit krav ved tildeling av spelemidlar til anlegg.

Samfunnsplan for 2025-2035. Planarbeidet vil dreie seg om å stadfeste eller justere samfunnsplanen, og forankre han i det nye kommunestyret og samfunnet elles.

Planstrategi 2024-2027 skal utarbeidast innan eit år etter konstituering av nytt kommunestyre, på bakgrunn av føringar frå den rullerte samfunnsplanen.

Områdeplanane vil vere ei konkretisering av arealplanen, og skal ligge til grunn for detaljplanar og byggjetiltak.

Detaljplanane i planstrategien skal utarbeidast i kommunal regi.